

# Årsmelding for året 2014



## Styret

Styret i rideklubben har bestått av:

Leiar: Edle Holmin

Nestleiar: Linn Wangen Mork

Kasserar: Gro Anita Bjørkedal

Sekretær: Rakel Aasen

Styremedlem: Karin Vatnehol

Styremedlem: Andreas Eikrem

Ungdomsrepresentant: Randi Mork

Styret har i alt hatt 12 styremøter i 2014.

Vi har ikkje hatt ei aktivitetsgruppe dette året, så styret har teke seg av desse sakene også.

Vi har hatt totalt 45 medlemmer i løpet av året, der 20 av dei er juniormedlemmar. 13 medlemmar har betalt baneleige.

## Show og marknad



Søndag 1. juni hadde vi eit sommarshow og marknad på ridebana. Der hadde vi mange morsomme innslag som høgdehopping og snørekjøring på grus. Vestri stilte også opp med 4 islandshestar i ei kvadrilje. Vi hadde også juniorgymkhana, strigling av hestar og barneriding for dei yngste denne dagen. Det var strålende sommarver og vi hadde rundt 100 besøkande.



Søndag 28. september arrangerte vi det årlege haustshowet. Under showet vart det blant anna vist dressurriding, laushopping og voltige. Vi hadde også innslag til slutt med barneriding og køyring i tillegg til strigling av hest. Vi var veldig heldige med veret denne dagen, då det var fint akkurat dei timane vi holdt på.

## Dugnader



Vi har fått malt nesten heile gjerdet i år. Toalettet vart også malt i år og vart sikra med stein og vaier mot vinden. Vi har også fått hengt opp to utehøgtalarar som kan henge ute heile året. Då er det enklare å kople opp og spele musikk på arrangement og treningar.



Vi har fått ei fin stasvogn med Kari Eskeland som vi skal pusse opp slik at ho tåler å stå ute. Planen er å dekorere den med blomster og ha den som pynt nede ved ridebana.

Vi fekk også retta opp og snudd eine lyskastaren på bana. Stolpane vart retta opp av Hjelle Maskinlag og dei støypte også rundt stolpane så dei skal stå stødig i framtida.

Vi har fått på plass ein kreosotstolpe til slik at vi har fleire bitteplassar til hestane ved ridebana.

## Kurs og anna

Det har vore faste treningar for Silvia Førde om lag ein gong i veka gjennom året med mange deltakarar. Vi har også hatt fast trening for Matilde Brogge.

### *Juniorkurs*



Vi har arrangert i alt 4 ridekurs i år. Mange av deltakarane har vore på fleire av kurs i det siste og utvikla seg mykje. På siste kurset arrangerte vi også ein stalldag som var stor suksess. Det var kjekt for ungane å sjå korleis hestane har det til vanleg og alle fekk sitte på i vogna ein tur.

### *Rjånes Ungdomssenter*

Det siste året har klubben vore med på 2 leirar frå Rjånes, der 30 barn har kome for å ri og stelle hest, og Rjånes har gitt leiren namnet rideleir. Vi er veldig glade for dette samarbeidet.

Vi arrangerte også to søndagar med barneriding i sommar som var veldig populært. Det var mange barn som stilte opp og hestane gjekk ein time i strekk kvar gong.

### *Trivselsleiarar*

Vi har hatt fleire trivselsleiarar som har ridd på kvar sin time med oss i løpet av året. Trivselsleiarar gjer ein flott jobb mot mobbing, og det er kjekt å kunne tilby dei ein ridetime.

## Stemner og resultat



I august arrangerte vi eit internt klubbstemne i sprang og dressur. Der var det totalt 12 deltakarar og mange av dei var debutantar.



Liv Jorunn Nyhagen og Pokemann som i år har ridd for Eid ride- og køyreklubb (ERKK) og er gjestemedlem i klubben vår, vart kretsmeister i senior dressur Sogn og Fjordane. Ekvipasjen tok også sølv for NM senior fjordhest og gull i

grenmesterskap dressur. Med den andre hesten hennar Thoke vart ho plassert i MA på L-stemme i Bergen i tillegg til 1. og 2. plass i MB dressurcup i Sogn og Fjordane.

Ida Standal og Heidrid har også ridd for ERKK og delteke på diverse dressurstemner i LA. Randi Mork og Odin har delteke på nokre utvida klubbstemner og Lena Heltne og De-Vito har også konkurrert på nokre dressurstemner i LA i løpet av hausten.

## 17. mai



I år gjekk Synnøve/Anastasia fremst i toget i lag med Liv Jorunn/Pokemann og Edle/Svarta. Det var første gong Anastasia gjekk i folketoget og dette gjekk veldig fint.

## Nettsida

I løpet av 2014 hadde vi rundt 7 040 besøkande på sida vår, ei auking på 1 540 frå i fjor. På facebook sida vår har vi hatt 267 medlemmar med 53 nye medlemmar siste året.

*Skrive av leiar Edle Holmin*